

Spela uavgjort mot Tertnes

24.09.2012



Gutar 13 med gutar frå Rosendal og Uskedalen på laget
spelar i 1. divisjon denne hausten og der er det eit hardt klima.
Dette er lokal-laget som har nådd lengst.

**Men gutane har så langt klara seg og etter 5 runder ligg dei på sjuande plassen av dei 10 laga. Dei har 4 poeng etter å ha vunne ein kamp og spela uavgjort i ein medan dei har hatt 3 tap.
Det er Fana 1 som leiar med 15 medan Varegg på andre plassen har 12 poeng.**

Tertnes 1 som dei spela uavgjort mot i helga ligg som nummer 9 med 2 poeng og no blir det spennande å sjå om laget til Rosendal og Uskedalen klarar seg unna nedrykkstriden.

På biletet er dei 4 uskedelingane som er med på laget:: Sondre S. Myklebust, Karsten Andre Haugland, Emil Bakke Berntsen og Martin Yri Røssland.

Foto: Ragnvald Myklebust